



Nøre vatnet sett frå Dyreskora. Fellestur over Dyreskora og fiskekonkurranse i Nøre vatnet laurdag 30.juli.

Program for bygdehelga Botnane - Årebrot 29. – 31. juli 2022

Med bygdehelga ynskjer Botnane og Årebrot grendalag å syne fram bygdene og naturen vår, og samle både kjende og ukjende til sams opplevingar og aktivitetar. Kanskje kan nokon få lyst til å bu her med oss? Fint om du gjev oss beskjed om kva programpost du kjem til via Fjesboka eller til dei som står oppførde med mobilnummer.

Fredag 29. juli:

Kl. 19.00: Botnane grendahus. «Viser og slikt». Helge Johnsen syng eigne og andre sine viser, spelar gitar og fortel historier. Han har med seg Ove Mjåtveit på bass.

«Songane og poesien eg og Mjåtveit har med oss til Botnane, ber fingeravtrykk av bygdene våre og vårt vestlandske lynne, seier den tidlegare Firda-journalisten Helge Johnsen.

Billettpris kr. 100. Førehandsbetaling til Vipps 50 14 65, eller i døra. Påmelding til leiar i grendalaget, Åsmund Berthelsen, mobil 93 23 70 73, e-post:asmund.berthelsen@icloud.com

Laurdag 30. juli:

Kl. 11.00 -15.00: Lunsjkafé i Botnane grendahus v/Hannele Turunen og Heidi Yttrehus.

Sal av mat og drikke, bøker, diktkort, med meir.

Kl. 11.00: Fottur over Dyreskora i Botnane. Påmelding til turleiar Torbjørn Øvrebotten, mobil 992 51 114. *Turen byrjar på Jørnjorda og går til Nøre dalen, over Dyreskora og ned att over Åsen til Øvrebotten. Det tek vel to timar og dei som blir med bør vere vane med ulendt terreng.*

Kl. 13.00: Omvising i den faste utstillinga av skulpturane til Aase Botnmark v/Magni Øvrebotten. I den gamle skulestova i Botnane grendahus.

Kl. 15.00: Fiskekonkurranse for liten og stor i Nøre dalen v/Vetle Aase Øvrebotten

Denne konkurransen har vorte ein sommartradisjon i Botnane og det gjeld å få den minste og den største fisken. Heile familien kan vere med, og det er premiar.

Søndag 31. juli:

Kl. 11.00: Fottur til Futenipa på Årebrot. Påmelding til turleiar Håkon Årebrot, mobil 975 35 394. *Turen startar på Kvia på Årebrot og tek to-tre timar. - Det er bratt somme stader, men vi tek det med ro slik at kven som helst kan vere med, seier turleiar Håkon Årebrot.*

Kl. 11.30: Omvising på Diktarstien i Botnane, med dikt av Jan-Magnus Bruheim

Påmelding til omvisar Magni Øvrebotten, mobil 970 55201

Diktarstien er 4,3 km lang og lett tilgjengeleg langs fylkesvegen. Han startar på Jørnjorda, har seks stopp og endar opp på gravstaden. Dei ti dikta er graverte i stål og bolta til stein.

Kl. 14.00: Utegodsteneste på Jørnjorda v/sokneprest i ytre Bremanger, Dag Leirvik

Gudstenesta vert på Jørnjorda, ved dei brune diktsøylene der. Om det bles og regnar blir gudstenesta i Botnane grendahus.

Kl. 16.00: Sommarbasar på Årebrot grendahus, med kåseri av Fridtjov Urdal.

Basaren er til inntekt for Botnane og Årebrot grendalag sitt arbeid til beste for bygdene Botnane - Årebrot. På basaren er det loddsal, sal av mat og utlodning av eit variert utval gevinstar.

*Om du vil kjøpe lodd på basaren til **Botnane og Årebrot grendalag** kan du gjere det på Vipps **69 94 98**, på «**Lodd sommarbasaren 22**». **Kr. 5 per lodd.** Vil du støtte arbeidet til grendalaget utan å kjøpe lodd er Vippsnummeret **50 14 65**.*

Anna du kan gjere: Ynskjer du å gå turar på eiga hand er det **fleire merka turløyper**, som du finn skilt om langs Frøysjøvegen; Til Skudalen/Botnanipa, Nøre dalen/Fossedalen, Opnaren/Middagsnova og Uradalen. Vidare er det tilrettelagt for **Stolpejakt** i Uradalen på Årebrot, i Seljestokken og i Øvrebotten i Botnane. Sjå www.Stolpejakten.no

Overnatting: Nytt overnattingstilbod i Botnane, hjå **Kjersti Straume og John Sande**. Mobil nr. 90 12 94 34/ 90 19 02 44. Dei har plass til fem personar. Det er mogeleg å telte og parkere bubilar fleire stader på strekninga Botnane-Årebrot denne helga. Ta kontakt med **Rune Nordbotten**, for nærmare opplysingar, mobil 415 53 395.

Båt plass: Nordlegaste flytebrygge, nord for kaiskuret i Korsnesvika. Leige kr. 100 per døgn. Betal på vipps til John-Magne Sande, mobil 90 19 02 44. Flytebrygga mellom Sande si og kaiskuret eig Steinar Øvrebotten. Han vil at leiga, kr. 100 per døgn, skal gå til grendalaget, **vipps 50 14 65**. Det vil også Åge Sørbotten at leiga for den store kaia skal gjere, kr.100 per døgn. Den er best eigna for større båtar.

www.Botnane.no for fullstendig program



Frå Futenipa der fellesturen går søndag 30.juli